

## Årsmøte Telemark Bondelag 07.11.2020, Leiars tale.

Kjære bønder og gode kollegaer.

Nok eit år og litt til har vi lagt bak oss sidan seist eg skreiv tale til årsmøte i Telemark Bondelag. Vi er inne i ein spesiell situasjon no, utan tvil. Landet vårt, ja heile verden er ramma av ein epidemi. Årsmøte som vi har i dag skulle egentleg vore gjennomført i mars. Vi har i dag pressa alt ned på eit minimum av tid med strenge smitteverntiltak, for å halde oss friske. Samstundes har vi som bønder og matprodusentar kome i gruppa for samfunnskritiske, sjølv sagt!

Vi produserer tross alt mat til eigen befolkning!

Aldri så lenge eg har drive har vel landbruket vore så viktig for landet vårt, folk kjøper og etterspør norsk mat som aldri før. Vi kan nok ein gong slå oss på brystet med den reinaste og kvalitetsmessige beste maten, samt ei dyre og plantehelse i verdensklasse.

Dei fleste av oss bønder merkar ikkje så mykje til Covid 19 i kvardagen. Vi har gjort mykje på smittevern frå før, og produksjonane går stort sett sin vante gang, bortsett frå dei som er avhengige av arbeidskraft frå andre land, her vart det svært vanskeleg tidleg i sesongen. (stengte grenser, karantene bestemmelsar osv). Då ser vi også kor viktig det er at vi (bondelaget) arbeider som lag, nokon som kan det, tek tak i problematikken og vi får ei løysing som gjer at dei fleste produksjonar held fram som før.

På årsmøte i Norges Bondelag i slutten av september fekk vi som vanleg besøk av vår landbruksminister.

Statsråd Bollestad kom med ei hyldningstale til den norske bonde som var både rørande og smigrande.

Det at vi har klart å levere i desse krisetider, blir sett stor pris på av regjeringa, ja til og med statsminister Erna Solberg kom med ei helsing. Dette må då etter mitt syn borge for at vi mot komande jordbruksoppgjer, må få eit skikkeleg inntektsløft som verkeleg monar. Dei få hundrelappane vi fekk i tetting av inntektsgap i 2019, er bare som lommerusk å rekne. Årets jordbruksoppgjer var bare ei prolongering av 2019 med nokre påplussingar over heile linja, i solidaritet med eit nedstengt land i krise.

Fylkeleiaren i Agder har gått ut og reist krav om tetting av inntektsgapet mot samanliknbare grupper med ein tidsplan på tre år, slike mål trur eg er veldig fornuftig at vi set oss. Skal vi framleis ha framtidstru og optimisme må vi ha

klare mål for at bøndene skal tjene pengar som andre grupper i samfunnet, og i tillegg ha eit tilnærma normalt arbeidskraftbehov. Dette er og svært viktig for rekrutteringa til yrket vårt.

Overproduksjon er eit spøkelse som vi slit mykje med. I ein verden som svelt er dette også eit tankekors. Norge importerer mat frå mange land, samstundes brukar vi pengar på å betale bønder for å avikle eller nedskalere produksjon.

Ja vi har forplikta oss til internasjonale handelsavtaler, men det er vel mykje som ikkje går heilt i vår favør. Netto eksport av landbruksvarer er lite og står vel ikkje heilt i forhold til det vi importerer. Nå med nye forhandlingar med Storbritannia etter Brexit er det og ei stor fare for at vi må innrømme nye importavtaler. **DETTE KAN VI IKKJE GÅ MED PÅ.**

Eigedomsregelverk har vi bruka mykje tid på, og spesielt saka rundt Fritsøe skoger. Ja vi nådde ikkje fram med klaga vår, eigar fekk gjere det han ba om, men vi fekk merksemd på viktige prinsipp at det er den sjølveigande bonde som skal ha prioritet. Dette er bærebjelken i landbruket også i framtida. Dessverre ser vi at ein del utmarkseigedomar blir selt for svimlande summar til folk som har andre hensikter enn landbruk og naturleg ressursutnytting.

Klima har vi snakka mykje om sidan seist årsmøte. Drøvstyggaren har blitt hengt ut som ein versting for klima. Jordbruket har verkeleg gjort eit stort steg i retning av å begrense våre utslepp ved å inngå klimaavtale med regjeringa. Klimaavtala vår har mykje konkret og vil sikre ein stor reduksjon i utslepp av klimagassar utan at vi skal redusere produksjon. Klimakalkulatoren vart lansert den 15.oktober og eg vonar at den skal bli eit nyttig verktøy for meg som bonde, slik at vi kan nå måla våre. Likevel er det grupper i samfunnet som vil avikle og redusere bruken av kjøtt så mykje at store delar av norsk landbruk står i fare for avvikling.

Vi må bli meir breiskuldra og ta merksemda i media med faktaopplysningane våre, forklare korleis eit langstrakt land med ulike forutsetningar for å drive heng saman. Kva vi har forutsetning for å produsere på kvar einskild plass, og kor mykje frukt og grønt vi har høve til å produsere i forhold til gras. Kva som er sesongvare og kva som er heilårs og lagringsvare. Det går ikkje å dyrke salat på friland i desember i Norge (det er det mange som ikkje skjønner).

Skal vi framleis levere på det mål som FN har sett, skal vi produsere mest mogleg av det vi har forutsetning for utifrå klimatiske tilhøve.

Vi har blitt eit samanslått fylke og heiter no Vestfold og Telemark fylke. Den nye fylkeskommunen har to framifrå vidaregåande naturbrukskular.

Søve som eg kjenner best har svært gode resultat og svært god søkning på alle studieretningar.

Det er då veldig skuffande at vi allereie no får ein drakamp mellom skulane på einskilde studie. Dette var klare løfter frå politikarane då avtala om samanslåing vart handsama.

Landbruket treng begge skulane for å sikre rekruttering til landbruket, og det nye fylket står for ein betydeleg del av verdiskapinga i norsk matproduksjon.

Vi skal og i dag bestemme tidspunkt for samanslåing av Vestfold og Telemark Bondelag (mars 2021 eller mars 2022). Begge laga har dei seiste to åra samarbeidd svært godt, vi har arbeid mykje saman i politiske saker, vi har fremja felles uttaler, hatt fleire fellesarrangement. Eg byrjar faktisk å bli litt utålmodig, og ser fram til å slå oss saman. Eg håpar at den avgjerda som blir gjort i dag er på bakgrunn av den jobben Vestfold og Telemark Bondelag skal gjere for deg som bonde framover.

Her handlar det om å bygge det gode laget for landbruket, og eg meiner vi er godt i gang.

Til slutt må eg få lov å takke alle for det lagarbeidet som blir gjort i Telemark Bondelag, lokallag, fylkesstyret og ikkje minst administrasjon. De gjer alle ein framifrå jobb.

Aslak Snarteland , Fylkesleiar i Telemark Bondelag